

Sandøy kommune

Møteinnkalling

Utval: Administrasjonsutval
Møtestad: Kommunestyresalen, Sandøy rådhus
Dato: 13.02.2012
Tid: 13:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. Er nokon inhabile i ei sak, må det meldast frå om dette. Vararepresentantar møter etter nærmare melding.

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 12/1	Administrasjonsutval - konstituering 2012

Harøy, 08.02.2012

ORDFØRAREN



Dato: 06.02.2012
Arkivref: 2012/68-0 / 033

Saksbeh.: Atle Morsund

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
12/1	Administrasjonsutval	13.02.2012

Administrasjonsutval - konstituering 2012.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

SAKSUTGREIING

BAKGRUNN FOR SAKA/SAKSOPPLYSNINGAR

Sandøy kommunestyre gjorde 07.12.2011 vedtak om slik samansetjing av administrasjonsutvalet i Sandøy kommune for perioden 07.12.2011 – 00.10.2015:

- Arbeidsgjevarrepresentantar: 5 stk., Formannskapet.
- Arbeidstakarrepresentantar: 2 stk., som vert vald av og mellom dei tilsette for perioden 2012 og 2013.
- Leiar: ordførar
- Nestleiar: varaordførar

I etterkant av kommunestyremøtet er det mellom dei tilsette vald 2 arbeidstakarrepresentantar med personleg vara til adm. utvalet. Desse er:

- Laila Alvestad vara Oddhild Sandøy
- Anne Johanne Heggen vara Linn Jenny Morsund

Med heimel i kommunelova § 25 pliktar Sandøy kommune å ha minst eitt partsamansett utval – administrasjonsutval, for behandling av saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Som ein konsekvens av det mynde kommunestyret har delegert til rådmannen, er det berre saker av prinsipiell karakter som vil verte behandla i administrasjonsutvalet. Andre kurante saker i høve til lover, forskrifter og egne reglement vert forvalta av rådmannen i medhald av det delegerte mynde. Når det er sagt er det slik at ein del saker vert behandla i arbeidsmiljøutvalet (AMU), men AMU er eit partsamansett utval som er heimla i arbeidsmiljølova (AML) og ikkje i kommunelova. I ein del saker er det såleis slik at AMU drøftar saker som kan sendast vidare til administrasjonsutvalet (adm.utvalet) for avgjer og vedtak.

VURDERING

Med denne organiseringa av adm.utval i vil Sandøy kommune ha ei ordning med partsamansett utval som stettar kravet i kommunelova § 25.

KONKLUSJON

Denne saka konstituerar adm. utvalet til det mynde som er kravd i medhald av kommunelova. Verv i utvalet er fordelt av kommunestyret, og adm.utvalet kan starte opp med behandling av saker.

Lasse Larsson Fjørtoft
rådmann

Atle Morsund
rådgjevar

Utskrift: